

## Forslag til korleis du som forelder kan skrive ein klage

Til rektor ved ..... skole

dato:

## Klage på ..... skule sitt vedtak om psykososialt miljø

### Bakgrunn for klagen

*Kvifor klagar du? Fyll inn årsaka eller kva som har skjedd. Under er nokre døme. Hugs at om tiltaka ikkje har fungert, etter at dei er prøvde ut, skal du ikkje klage, men be om nye tiltak.*

- Skulen har ikkje gjort eit enkeltvedtak sjølv om eg har bedt om det.
- Eg er ikkje nøgd med dei tiltaka skulen vil setje i gang.
- Skulen gjennomfører ikkje tiltaka.
- Andre årsaker.

Eg er ikkje nøgd med skulen sine tiltak fordi

.....  
.....

### Kva for tiltak meiner du vil hjelpe?

*Dersom du har forslag til andre tiltak som vil hjelpe, kan du gjere greie for dei her. Ver konkret! Du treng ikke foreslå noko. Den personen som behandlar klagen, må lytte til det du ber om.*

Eg/vi meiner skolen bør

.....  
.....

### Kva seier lova?

Opplæringslova § 9a-1 gir alle elevar ein individuell rett til eit godt psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring. Skulen skal syte for at det psykososiale miljøet fører til at eleven føler tryggleik og sosial tilhøyrslø. Dette følgjer av opplæringslova § 9a-3 første ledd.

Eleven si eiga oppfatning av det psykososiale miljøet avgjer om eleven sin rett er oppfylt eller ikkje. Skulen har plikt til å oppfylle eleven sin rett til eit godt psykososialt miljø. Rektor har ansvaret for den daglege oppfølginga av dette.

Helsing

**Kopi** til Fylkesmannen i ditt fylke.

Kontaktinformasjon finn du på [www.fylkesmannen.no](http://www.fylkesmannen.no)